

Saksbehandlar: Lars Erik Lunde
Avdeling: Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 11/4481-16

NOx-avgift til fordeling 2012

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

- 1 Teneste 6002 NOx-avgift til fordeling blir redusert med 3,666 mill. kr.
- 2 Teneste 6202 - Fylkesveggar blir auka med 1,630 mill. kr for å dekkje NOx-utgifter på ferjedrifta.
- 3 Teneste 6301 – Trafikksubsidiar blir auka med 2,036 mill. kr for å dekkje NOx-utgifter på båttrutene

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

Bakgrunn for at saka er reist

I budsjett for 2012 er det sett av 3,666 mill. kr til NOx-avgift til fordeling. I pkt. 4.4.5 i Budsjettreglementet er hovudutvalet for samferdsle gitt fullmakt til å fordele midlane.

2. Vurdering og konsekvensar

Det er sett av 3,6 mill. kr til NOx-avgift til fordeling. Utgiftene til NOx-avgift er knytt til ferjedrifta med 1,630 mill. kr og båttrutetenester med 2,036 mill. kr.

Ferjedrift

Fylkesdirektøren legg opp til at ferjedrifta blir auka med 1,63 mill. kr knytt til utgifter til NOx-avgift som føresett i budsjett 2012.

Kollektivbudsjettet

I budsjettet for båttrutetenestene for 2012 vart det ikkje teke høgde for midlane til «NOx-avgift til fordeling» og budsjettet for båttrutene vart derfor om lag 2 mill. kr for høgt. Vi har vidare retta eit krav mot Norled knytt til tilbakebetaling av NOx-avgift på 1,4 mill. kr.

Såleis kan båttrutene vere budsjettert om lag 3,4 mill. kr for høgt i 2012.

Fylkesdirektøren tilrår at desse ledige midlane blir sett i samanheng med behovet for auke på 2 mill. kr til tiltaka som er nemnde under. Fylkesdirektøren legg førebels ikkje opp til andre endringar men vil vurdere kollektivbudsjettet fram mot andre tertialrapport.

Båttrutetenester

I samband med FU-sak 110/11 Båttrutetilbod i Flora kommune fekk fylkesrådmannen fullmakt til finne løysingar som tilfredstiller bilførande kapasitet til Svanøy i ein overgangsperiode. I samband med dette vart det bestemt å sette inn kombikatamaran på to av rutene frå 1.5.2012. Dette har ein ekstrakostnad på 1 mill. kr i 2012 og 0,5 mill. kr i 2013.

Bussrutetjenester

Ut frå bussavtalen er fylkeskommunen pålagt å dekkje utgifter i samband med nye offentleg pålegg/krav. I samband med innføring av yrkessjåførdirektivet (EU-krav) er det frå 2011 eit obligatorisk krav om etterutdanning av bussjåførar for å få fornya førarkortet. Sjåførane må gjennomføre eit kurs på 35 timar kvart 5. år.

Dette vi gje selskapa i fylket ein ekstra kostnad i forbindelse med kursa selskapa må ha til sjåførane sine. Utgifter som må dekkast er m.a. kurs, lønn, reisekostnader og buss til øvingskøyning. Selskapa har gitt klare signal på at dette må fylkeskommunen dekkja. Dette vil gi ekstrakostnadar på om lag 1 mill. kr i 2012. Det var ikkje teke høgde for desse kostnadane i samband med budsjettet for 2012. Dette vert ein årleg kostnad fram til anboda er på plass.

Ekstrakostnader med ekstra heimskøyning til Førde kommune – eingongsutbetaling

Fylkeskommunen har dei siste åra hatt ein diskusjon med Førde kommune om ansvaret for kostnader i samband med ekstra heimskøyning. Førde kommune har inntil 5 ekstra heimkøyningar pr. veke ved ulike skular.

Fylkeskommunen betaler for ei heimkøyning pr. veke, medan Førde kommune meiner fylkeskommunen er ansvarleg for og skal betale for all heimkøyning. Førde kommune klaga i 2011 fylkeskommunen inn for Fylkesmannen. På grunn av manglande initiativ til dialog både frå fylkeskommunen og Førde kommune si side, konkluderte Fylkesmannen med at partane måtte ta kvar sin halvpart av kostnadane for skuleåret 2011/2012. For fylkeskommunen utgjir dette ei utbetaling i 2012 på 0,263 mill. kr.

4. Konklusjon/tilråding

Fylkesdirektøren tilrår at midlane til NO_x-avgift blir fordelt til ferjedrift og båtruter som foresett i budsjettet for 2012.

Ledige midlar på budsjettet til båtrutene blir nytta til å dekkje meirkostandar på kollektivområdet knytt til ekstra kapasitet på båt i Florøbassenget, oppfølging av bussavtalen og utbetaling til Førde kommune.